



18.10.2017

Aukra kyrkjelege fellestråd

Skogvegen 1
6480 AUKRA
Tlf: 71171540

Referat frå møte i Aukra kyrkjelege fellestråd

Møtedato: 17.10.2017
Møtetid: kl. 19:10
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Tilstade:

Eva-Beate Opskar Nybø, Audhild Mork, Inga Sølvi Korsvik Melby, Oddmund Arne Varhaugvik, Inger Kristine Kjellnes, Jan Magne Breivik, Ingunn Hjelmås, Svein Løwe, Kristian Finn Risung.

Meldt forfall:

Geir Ove Tangen, Berit Marie Sporsheim, Stian Marius Sørensen, Mette Myrseth Oterhals, Anja Helen Otterlei, Gro Merete Hoksnes.

Referat

Svein Einar Løwe opna møtet med salmen «For solglans over land og hav» nr. 254 i Salmeboka.

F-sak 045/17 Godkjenning av referat

Referatet frå førre møte vart samrøystes vedteke

F-sak 046/17 Godkjenning av innkalling

Innkallinga til møtet vart samrøystes vedteke.
Det vart meldt ei sak til Eventuelt: Vigsling for likekjønna i Aukra kyrkje

F-sak 047/17 Høyring om ny lov for trussamfunn

Behandling

Fellestrådet gjekk gjennom spørsmåla til høyringa frå Kulturdepartementet, og merka av punkt 2, punkt 4, punkt 12-16 og punkt 18-28 som viktige å gje svar på i høyringa.

Det vart fremja nytt forslag til vedtak:

Aukra kyrkjelege fellestråd får framlagt forslag til høyringssvar til møtet 21. november. Fellestrådet ønskjer å sjå nærare på følgjande punkt i høyringa: punkt 2, punkt 4, punkt 12-16 og punkt 18-28.

Det nye forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak

Aukra kyrkjelege fellestråd får framlagt forslag til høyringssvar til møtet 21. november. Fellestrådet ønskjer å sjå nærare på følgjande punkt i høyringa: punkt 2, punkt 4, punkt 12-16 og punkt 18-28.

F- Sak 048/17**Reglement for Administrasjonsutvalet****Behandling:**

Fellesrådet i Aukra vedtok samrøystes reglementet for Administrasjonsutvalet med følgjande endringar.

Der det blir vist til Hovedavtalen § 10,1 eller Hovedavtalen § 10,2, blir ordlyden forandra til Hovedavtalen § 10.

Det skal vere to representantar frå Fellesrådet, og ein arbeidstakarrepresentant i utvalet. Det skal veljast personleg vara for representantane.

Samrøystes vedtak:

Fellesrådet i Aukra godkjenner reglementet for Administrasjonsutvalet med følgjande endringar.

Der det blir vist til Hovedavtalen § 10,1 eller Hovedavtalen § 10,2, blir ordlyden forandra til Hovedavtalen § 10.

Det skal vere to representantar frå Fellesrådet, og ein arbeidstakarrepresentant i utvalet. Det skal veljast personleg vara for representantane.

F- Sak 049/17**Administrasjonsutval****Behandling**

Fellerådet laga samrøystes forslag til vedtak for 2 representantar frå Fellesrådet og 1 representant frå Arbeidstakarane i utvalet.

Det vart sett opp to alternative forslag til vedtak, som det vart stemt over.

Forslag 1. Leiar: Jan Magne Breivik
Medlem: Gro Merete Hoksnes

Forslag 2 Leiar: Jan Magne Breivik
Medlem: Nestleiar i Fellesrådet

Avstemminga vart som følgjande.

Mot 1 stemme (7stemmer for)

Leiar: Jan Magne Breivik
Medlem: Nestleiar i Fellesrådet

Mot 7. stemmer (1 stemme for)

Leiar: Jan Magne Breivik
Medlem: Gro Merete Hoksnes

Vedtak:

Aukra kyrkjelege fellesråd har 2 representantar i Administrasjonsutvalet. Kvar representant skal ha personleg vara. For tida 2017 til 2019 er det Jan Magne Breivik (leiar) og Nestleiar i Fellesråd/Sokneråd (medlem)som representerer Fellesrådet i Administrasjonsutvalet.

Val av vararepresentant for leiar og vararepresentant for nestleiar i Administrasjonsutvalet frå Fellesrådet vart utsett til møte 21. november.

F- Sak 050/17 Rekneskap Aukra sokn 1. oktober

Samrøystes vedtak:

Aukra kyrkjelege fellesråd tek rekneskapen til vitande.

F- Sak 051/17 Samarbeidet Julsundet – Vågøy

Behandling:

Det vart fremja forslag til nytt vedtak frå Fellesrådet:

Aukra kyrkjelege fellesråd/Sokneråd ber om eit møte med Domprost, Kyrkjeverje i Fræna, Leiar og Nestleiar i Soknerådet i Vågøy/Myrbostad, samt Prest og Kapellan i Vågøy/Myrbostad for å sjå på samarbeidsområde for kyrkjelege tenester i Julsundet innan mai 2018. Målet med møtet er å syte for at vi beheld gudstenestetilbodet i Julsundet

Det nye forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Aukra kyrkjelege fellesråd/Sokneråd ber om eit møte med Domprost, Kyrkjeverje i Fræna, Leiar og Nestleiar i Soknerådet i Vågøy/Myrbostad, samt Prest og Kapellan i Vågøy/Myrbostad for å sjå på samarbeidsområde for kyrkjelege tenester i Julsundet innan mai 2018. Målet med møtet er å syte for at vi beheld gudstenestetilbodet i Julsundet

F-Sak 052/17 Presentasjon av nettverk for Kyrkjelege Fellesråd

Samrøystes vedtak:

Aukra kyrkjelege fellesrådet tek saka til vitande.

S-sak 041/17 Rekneskap Trusopplæringa 9. oktober

Samrøystes vedtak:

Aukra sokneråd tek saka til vitande.

S-sak 042/17 Likekjønna vigsel

Aukra kyrkjelege fellesråd samtala om den nye vigselsordninga for den norske kyrkja, og på kva måte det skal vere i Aukra for par av same kjønn som ønskjer å gifte seg, då Soknerådet i Midsund har gjeve uttale og gjort vedtak i saka om vigsling av likekjønna. Det vart ikkje gjort noko vedtak i saka i Soknerådet i Aukra.

For Aukra kyrkjelege fellesråd

Beate Hostad Aukan
Kyrkjeverje